



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE - 010
Arkivsaksnr: 16/447	Løpenr: 17/5572
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Valstyret	01.06.2017	006/2017

Opningstider i røystekrinsane ved Stortings- og sametingsvalet 11.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Opningstidene ved vallokala i dei ulike røystekrinsane ved stortings- og sametingsvalet 2017 vert på valdagen 11.09.2017 som følgjer:

Røystekrins:	Vallokale:	Opningstider:
Nordbygda	Nordbygda grendahus	Kl. 10:00 – 20:00
Gjerde	Nesodden bedehus	Kl. 10:00 – 20:00
Tysse	Samnanger ungdomsskule	Kl. 10:00 – 20:00

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL- 006/2017 Vedtak:

Opningstidene ved vallokala i dei ulike røystekrinsane ved stortings- og sametingsvalet 2017 vert på valdagen 11.09.2017 som følgjer:

Røystekrins:	Vallokale:	Opningstider:
Nordbygda	Nordbygda grendahus	Kl. 10:00 – 20:00
Gjerde	Nesodden bedehus	Kl. 10:00 – 20:00
Tysse	Samnanger ungdomsskule	Kl. 10:00 – 20:00

Dokument som ikkje er vedlagt:

Valgloven med forskrifter

Kva saka gjeld:

Valgloven §9-3 gjev føringar for kommunane når det gjeld opningstider for vallokala i røystekrinsane. Røystegjevinga skal ikkje finne stad seinare enn til kl. 21:00 på valdagen. Det er ikkje krav om at kommunen skal ha vallokale opne heilt fram til kl. 21:00. Det er valstyret som fastset opningstidene i vallokala.

Valgloven §9-7 opnar opp for at velgjarar som har møtt opp ved vallokalet før vallokalet stengjer, likevel kan få avgje røysta si etter opningstid.

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015 var opningstidene i alle vallokala kl. 10:00 – 20:00.

Ved fylkerøystinga i 2016 var opningstidene i alle vallokala kl. 13:00 – 20:00.

Vurderingar og konsekvensar:

Valstyret må ta stilling til kva opningstider det enkelte vallokalet i dei ulike røystekrinsane skal ha på valdagen.

Det er berre eitt vallokale per røystekrins i Samnanger kommune.

Kommuneadministrasjonen føreslår at opningstidene i dei tre vallokala på valdagen 11.09.2017 vert kl. 10:00 – 20:00.